

NESFOSSEN SMOLT AS
Nesfossen
5956 HUNDVIN

Dykkar ref:
Vår ref: 2014/059158
Dato: 20.03.2014
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



Mattilsynet

RAPPORT MED VEDTAK - Etter tilsyn med dyr og akvatisk primærproduksjon

Mattilsynet viser til dykkar søknad av 7. oktober 2013.

Vedtak om godkjenning

Med heimel i Etableringsforskrifta § 5, jf § 7, vert Nesfossen Smolt AS gjeve løyve til produksjon av 2 millionar laksefisk, opptil 1 kg (postsmolt) på lokalitet 11682 Nesfossen i Lindås kommune under forutsetning av at fylgjande vilkår er oppfylt:

- 1.) Nesfossen Smolt AS skal fortlaupande evaluera resultatata av metodar og teknologi som vert brukt i produksjonen og tilpassa resultatata av evalueringa i den vidare produksjonen. Dette skal gjerast i samråd med kompetent fagmiljø med spesialkompetanse på resirkuleringsanlegg og fiskehelse/fiskevelferd.
- 2.) I resirkuleringsanlegget skal nivået av løyst oksygen målast kontinuerleg.
- 3.) I resirkuleringsanlegget skal det installerast eit alarmsystem som umiddelbart varslar om svikt i oksygen i det einstilte kar. Eit reserve, back-up tiltak skal vera klar ved oksygensvikt i kvart kar til ei kvar tid.
- 4.) Nivåa av total gassmetning, pH/karbondioksid, total ammonium, nitrogen og nitritt skal kontrollerast rutinemessig i resirkuleringsanlegget.
- 5.) Nesfossen Smolt AS skal lage kvartalsvise rapportar som oppsummera status på vannkvalitet, fiskevelferd og fiskehelse. Desse rapportane skal sendast til Mattilsynet, Distriktskontoret for Bergen og omland (internpost.bergenogomland@mattilsynet.no) så lenge Mattilsynet meiner det er naudsynt.
- 6.) Produksjonsplanen skal vera slik at fisk tilhøyrande generasjon 1 er smittemessig skilt frå generasjon 2. Fisken i ulike generasjonar skal dermed ikkje finnast samtidig i gjennomstrøymingsavdelinga og i resirkuleringsavdelinga.
- 7.) Når ei avdeling blir tømt for fisk, må den reingjerast og desinfiserast før ny fisk kjem inn i kara.

8.) Nesfossen Smolt AS skal ha på plass eit IK-system som minimum tilfredstillar styresmaktene sine krav.

Mattilsynet vil vurdera å trekkja godkjenninga tilbake dersom verksemda ikkje overheld vesentleg tilhøve i vilkåra for godkjenninga eller ikkje oppfyljer vesentlege krav i regelverket.

Mattilsynet vil også vurdera å endra eller trekkja godkjenninga tilbake dersom sjukdomstilstand eller kunnskap om sjukdomsmessige tilhøve er vesentleg endra i høve til då godkjenninga vart gjeve, jf Etableringsforskrifta § 8.

Godkjenninga kan først tre i kraft når koordinerande styresmaktene og aktuelle forvaltningsorgan har gjeve endeleg løyve.

Vedtaket er fatta med heimel i forskrift om utvidelse av akvakulturanlegg mv § 5 Krav om godkjenning

Vi har observert:

Nesfossen Smolt AS søkte Fiskeridirektoratet 07.10.13 om dispensasjon for å produsera stor smolt opp til 1000 gram, inntil 2 million stk., på lokalitet 11682 Nesfossen i Lindås kommune.

På noverande tidspunkt, har Nesfossen Smolt AS (H/L 0006) konsesjon til produksjon av 2,5 millionar sjødyktige setjefisk på denne lokaliteten. Anlegget søker om å produsera stor smolt på opp mot eitt kilo i anlegget med bruk av sjøvatn. Fisken skal produserast fram til 50-70 gram ved bruk av ferskvatn i noverande gjennomstrøymingsanlegg, og vidare til 100 gram ved bruk av resirkulert UV-behandla brakkvatn fram til fisken er smoltifisert. Fram til fisken er 1000 gram skal det brukast UV-behandla sjøvatn i ei ny resirkuleringsavdeling internt på anleggsområdet.

Den planlagde produksjonen gjeld for 2 millionar 1000 grams postsmolt, tilsaman 2000 tonn fisk fordelt på to grupper på 1 million smolt. Samla årleg brutto produksjon i anlegget blir på omtrent 2060 tonn, med ein venta 12 % svinn/utsortering frå startføring og gjennom produksjonssyklusen fram til fisken er levert frå anlegget. Levering er planlagt om sommaren (rundt 1. juni og 1. juli) og hausten (rundt 20. oktober og 20. november).

Produksjon av postsmolt à 1000 gram vil føre med seg ei redusert produksjonstid i sjø, redusert svinn og redusert tidsrom for lusepåslag. Det vil også føre til reduserte vaksineskadar pga av vaksinerings av større smolt.

Vedlagt søknaden er detaljerte anleggsbeskrivingar og faglege vurderingar for det planlagde nye anlegget, utarbeida av Rådgivande Biologer AS v/ Bjarne Tveranger, jf Rapport 1786.

Vurdering av saksgangen

Postsmolt «sjøsett» i kar (postsmolt) har heilt andre krav til levemiljø enn ordinær setjefisk. Endring til ein slik produksjon er sett på til å vera ei «vesentleg endring» i høve til ordinær setjefisk, og må dermed godkjennast av Mattilsynet, jf. § 5 i Etableringsforskrifta. Distriktskontoret for Bergen og omland har denne søknaden til handsaming i høve til denne paragrafen, samt § 6 Krav til søknad om godkjenning og § 7 Forhold som vurderes ved godkjenning.

I følge Akvakulturdriftforskrifta § 20, 2. ledd er det krav til at «Nye metoder og tekniske løsninger skal være utprøvd og dokumentert velferdsmessig forsvarlig før det tas i bruk.» Den planlagde produksjonsmetoden for postsmolt er sett på som ny. Søknaden frå Nesfossen Smolt AS er dermed sett på som ein søknad om dispensasjon frå ovannemnde krav i § 20, og skal handsamast av Mattilsynet, Regionkontoret for Hordaland og Sogn og Fjordane.

Fiskeridirektoratet vil eventuelt gje dispensasjon til produksjon av smolt >250 gram i tråd med § 55 i Akvakulturdriftforskrifta.

Planlagd utviding på Nesfossen

Pr. i dag har Nesfossenanlegget eige klekkeri med startfôringsavdeling inne. Ute i gjennomstrøymingsanlegget fins 28 kar à 7m; 1 kar à 8 m; 3 kar à 11 m; 5 kar à 12 m.

Dei 5 stk 12 m kar ute vil, saman med 10 stk nye 15 m kar, utgjere den nye resirkuleringsavdelinga basert på sjøvatn for produksjon av stor smolt.

Anlegget vil bli seksjonert slik at fiskegrupper kan haldast avskilt i fem ulike og adskilde avdelingar/ smitemessige einheitar:

Gjennomstrøymingsdelen med bruk av ferskvatn:

1. Klekkeriet
2. Startfôringsavdelinga
3. Påvekst 1 gjennomstrøyming

Resirkuleringsdelen med bruk av resirkulert brakkvatn og sjøvatn:

1. Påvekst 2 resirkulering, med 5 nye 15 m kar
2. Påvekst 2 resirkulering, med 5 kar à 12 m, 5 nye 15 m kar

Vassinntak og behandling i gjennomstrøymingsavdelinga

Nesfossen Smolt AS ligg på Nesfossen ut mot Lurefjorden i Lindås kommune, like sør for utlaupselva frå Kjeggjarvatnet, som renn ut i eit rundt 12 m høgt fossefall til Lurefjorden. Anlegget har si vassforsyning frå Kjeggjarvatnet, som igjen får sitt vatn frå Storavatnet, som er regulert med ein demning på Treskallen.

Anlegget tar inn ubehandla ferskt råvatn via to inntakleidningar som er plassert på ein flåte i innsjøen Kjeggjarvatnet. Temperaturen av inntaksvatnet kan styrast med senking eller heving av leidningar til den ynskte djupna. To slargar ved demninga på Treskallen sikrar rein vassforsyning på inntil 100 m³/min til Kjeggjarvatnet.

Samla leveringskapasitet til anlegget er på ca 50 m³/min.

Vasskvaliteten med omsyn til innhald av aluminium er ikkje optimal i periodar, men bruk av sjøvatn vil fungera som eit forbetrande tiltak for å hindra at eventuelle forsuringsepisodar på våren skadar smolten.

Innhald av jern og kopar i råinntaksvatn er låg og vil ikkje medføra problem for fisken.

Bruken av ferskvatn i anlegget skal vera i samsvar med dagens drift då det er blitt installert karluftarar på alle store kar slik at større mengder fisk kan produserast i gjennomstrøymingsdelen med omtrent den samme vassbruken som i dag.

Den omsøkte produksjonsaukinga skal skje ved bruk av sjøvatn, og vil ikkje krevje nokon auke i bruk av ferskvatn.

Planlagd resirkuleringsanlegg

I resirkuleringsanlegget vil vassforsyninga bestå av 98 % resirkulert vatn og 2 % nytt vatn. Vatnet vert partikkelreinsa gjennom eit mekanisk filter, ammonium vert avgifta i eit biofilter, vatnet vert lufta for å fjerna CO₂ og deretter tilsett oksygen. Til slutt vert vatnet UV-behandla for å fjerna bakteriar og virus før det vert returnert til tankane.

Tilførselen av oksygen skal sikrast i resirkuleringsanlegget ved bruk av ein oksygeninnløysar pr kar, dimensjonert etter den totale trongen ved maksimal biomasse i kara. Naudoksygenering gjennom Sterner-diffusorar skal monterast i kvart kar for å sikra jevn og stabil oksygen tilsetjing.

Det er ikkje teke avgjerd om type biofilter som skal brukast, MBBR (moving bed bioreactor) og/ eller MBR (submerged fixed bed reactor). Å sørja for at systemet fungerer optimalt med nedbryting av ammonium til nitrogen, overvåking av konsentrasjonen av nitritt inntil nitrifikasjonsprosessen er i likevekt og at riktig vannkjemi (pH og alkalitet) og temperatur er oppnådd, krev ei nøyaktig overvåking og kunnskap av røktarane. pH kontroll og pH justering er ein avgjerande faktor i eit resirkuleringsanlegg, og generelt, er god kontroll på vasskvalitet naudsynt dersom Nesfossen Smolt AS skal kunne oppnå ei god fiskehelse og velferd.

Temperaturkontroll i resirkuleringsanlegget er prosjektert til å haldast på 14o C.

Sjøvassinntak

Sjøvatnet som skal brukast i resirkuleringsavdelinga skal hentast på 100 m djup i Kråkeosen/ Lurefjorden. Vatnet skal filterast gjennom ein filterduk (UNIK hjelfilter) og vert UV-behandla før det vert nytta i resirkuleringsdelen av anlegget, etter at fisken er vel 50-70 gram. Innslaget av sjøvatnet vert auka gradvis til full sjøvasstilvenning ved 100 gram og fram til fisken er leveringsklar som eitt kg postsmolt.

Alt inntak og behandling av sjøvatn må skje i høve til FOR 1997-02-20 NR. 92: Forskrift 20. feb. 1997 nr. 192 om desinfeksjon av inntaksvann til og avløpsvann fra akvakulturrelatert virksomhet (forskrift om desinfeksjon av vann, akvakultur).

Avfall som vert samla på botn i kara vert skylt til avlaup.

Avlaupsvatnet frå resirkuleringsanlegget skal vera mekanisk rensa og skal sleppast ut i sjø i Kråkeosen/Lurefjorden på rundt 12 meters djup.

Praktiske erfaringar viser at desinfeksjon av sjøvatn til setjefiskanlegg kan svikta og at marine agens kan kome inn, etablerar seg og gjev problem for fiskehelse/fiskevelferd. Det er difor viktig at inntaket av sjøvatn er frå eit område der smitterisiko er så låg som mogeleg, og at reinhaldsrutinar, orden og generell hygiene er god i alle deler av anlegget.

Internkontroll / Risikovurderingar

Vedlagt søknaden er eit skriv med «Mål og Visjoner for Nesfossen Smolt AS» der det står m.a. at Nesfossen Smolt AS skal ha på plass eit IK-system som minimum tilfredstillar styresmaktene sine krav. Dette vil Distriktskontoret overvåke gjennom revisjon av Nesfossen Smolt sitt IK-akva system samt gjennom risikobasert inspeksjonar.

Vedlagt søknaden er eit skriv «Kartlegging av potensielle farer, bekjemping og forebygging av disse.» Distriktskontoret er positiv til at Mattilsynet, i tillegg til Veterinæren, vert kontakta ved all transport av fisk, ved mistanke om sjukdom, ved forauka dødleghet og ved produksjonsproblem som f.eks. uforklarleg nedsatt appetitt.

I oversikten «Fare-/risikoanalyse Produksjon Nesfossen Smolt», er det lite tiltak nemnt i høve til konkrete farar for fiskehelse og fiskevelferda som kan oppstå med omsyn til vassparametrane og biofiltersystemet som vert installert i det planlagte resirkuleringsanlegget. Distriktskontoret ventar ei meir omfattande og konkret oversikt over potensielle farar for fiskehelse og fiskevelferd, og dei planlagte tiltaka, i resirkuleringsavdelinga.

Naturmangfoldslova

Søknaden er vurdert etter lov av 19. juni 2009 nr 100 *Naturmangfoldsloven*. Dei miljømessige tilhøva er vurdert ut frå tilgjengeleg kunnskap og registreringar i området. Vi kan ikkje sjå at ei godkjenning av søknaden ut frå vår kunnskap vil påverka det biologiske mangfoldet, ha økologiske effekter eller påvirke naturmiljøet for øvrig på ein slik måte at det vil innebæra vesentleg skade på naturmiljøet. Distriktskontoret legg til grunn at Nesfossen Smolt AS i samband med postsmoltproduksjon opptretr aktsomt og på ein slik måte at verksemda unngår mogeleg skade på naturmiljøet i samsvar med føre-var-prinsippet og aktsemdsplikta, jf *Naturmangfoldslova* § 6 og § 9.

Mattilsynet vurderer dette slik:

Risikobildet vil vera ulikt om ein produserar postsmolt av laks, *Salmo salaris*, enn det ville vera for produksjon av regnbogeaure eller annan laksefisk. Løyve til Nesfossen Smolt AS for produksjon av stor setjefisk vert allikevel gjeve for laksefisk generelt.

Distriktskontoret krev at fisken på Nesfossen Smolt AS skal til eikvar tid sikrast den vassmengde og vasskvalitet som gjev eit godt internmiljø i kara slik at m.a. pH, oksygennivå og nivået av nedbrytingsprodukta CO₂ og ammonium ligg innafor akseptable tålegrensa. Ved intensiv produksjon

og redusert vassbruk må det tilsetjast oksygen til driftsvatnet samt individuelt til kvart kar. pH og mengde vatn til fisken må nøye overvåkast for at fisken ikkje skal utsetjast for kritiske nivå av NH₃.

Sentrale element ved drift i eit resirkuleringsanlegg er tilhøva mellom fisketettleik i kara ved ulike temperaturar og varierende pH, og vatnet si omlaufstid i kara, før det er skifta ut i høve til fisken sin toleranse for CO₂, NH₄⁺ og NO₂⁻. Kara sine sjølvreinsingsevner i høve til å transportera fôrrestar og fekalier ut av kara må også overvåkast.

Distriktskontoret finn ut frå dyrevelferdsmessige omsyn det naudsynt å setja som vilkår for godkjenning at verksemda fortlaupande evaluerar resultat av metodar og teknologi som vert nytta i produksjonen og tilpasse resultatet av evalueringane i den vidare produksjonen. Dette skal gjerast i samråd med kompetent fagmiljø med spesialkompetanse på resirkuleringsanlegg og fiskehelse/fiskevelferd.

Nesfossen Smolt AS må vera merksam på at dei har eit sjølvstendig ansvar for å etterleva gjeldande regelverk i samband med den omsøkte produksjonen. Dersom verksemda ser at den ikkje klarar å oppfylgje krav i regelverket, og då særleg krava i Akvakulturdriftsforskrifta i samband med drift av anlegget, må det vurderast å søkja om dispensasjon.

Mattilsynet har ikkje vurdert søknaden i høve til eventuelle krav frå Forsøksdyrutvalget, og vi gjer merksam på at det er søkjaren sitt ansvar å få dette gjort.

Vedtaket er fatta med heimel i forskrift om utviding av akvakulturanlegg mv § 5, jf § 7., i FOR 2008-06-17 nr 832: Forskrift om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m. (Etableringsforskrifta).

Mattilsynet skal til einkvar tid haldast orientert om kven som er ansvarleg for verksemda. Vedtaket er fatta med heimel i forskrift om utviding av akvakulturanlegg mv § 5, jf § 7., i FOR 2008-06-17 nr 832: Forskrift om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m. (Etableringsforskrifta).

Vedtak om dispensasjon frå forskrift

Med heimel i akvakulturdriftsforskrifta § 68 dispenserer Mattilsynet frå § 20 i akvakulturdriftsforskrifta.

Vedtaket er fatta med heimel i akvakulturdriftsforskriften § 20 Metoder og tekniske innretninger

Dispensasjonen gjeld frå 11.03.2014

Dispensasjon frå akvakulturdriftsforskriften § 20 Metoder og tekniske innretninger

Vi har observert:

Nesfossen Smolt AS må få dispensasjon frå Akvakulturdriftsforskrifta § 20, Metoder og tekniske innretninger, dersom dei skal produsera postsmolt inntil 1 kg i resirkulert brakkvatn/sjøvatn.

Mattilsynet vurderer dette slik:

I Akvakulturdriftsforskrifta § 20 andre ledd kor heiter det at «Nye metodar og tekniske løysningar skal være utprøvd og dokumentert velferdsmessig forsvarlig før de tas i bruk.» Mattilsynet ser utprøving av nye metodar som eit særskilt tilfelle, og gjer derfor dispensasjon frå denne paragrafen, slik at det kan prøvast om metoden er velferdsmessig forsvarleg.

Mattilsynet vil vurdere å trekkje godkjenninga tilbake dersom de ikkje overheld vesentlege forhold i vilkåra for godkjenninga, eller dersom de ikkje oppfyller vesentlege krav i regelverket. De pliktar å halde Mattilsynet orientert om kven som er ansvarleg for verksemda.

Sjå vedlegg til tilsynsrapport.

Med helsing

Karen Johanne Baalsrud
regiondirektør

Vedlegg:
Vedlegg til tilsynsrapport

VEDLEGG TIL TILSYNSRAPPORT

Heimel for tilsyn

Mattilsynet har i samsvar med matlova § 23 og dyrevelferdslova § 30 heimel til å føre tilsyn og gjere nødvendige vedtak for gjennomføring av det som er bestemt av lova.

Verksemda er vurdert etter følgjande regelverk

- FOR 2008-06-17 nr 823: Forskrift 17. jun. 2008 nr. 823 om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m (forskrift om utvidelse av akvakulturanlegg mv)
- FOR 2004-03-19 nr 537: Forskrift 19. mar. 2004 nr. 537 om internkontroll for å oppfylle akvakulturlovgivningen (forskrift om IK-Akvakultur)
- FOR 2008-06-17 nr 822: Forskrift 17. jun. 2008 nr. 822 om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskriften)
- Lov 19. des. 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv (matloven)
- FOR 1997-02-20 nr 192: Forskrift 20. feb. 1997 nr. 192 om desinfeksjon av inntaksvann til og avløpsvann fra akvakulturrelatert virksomhet (forskrift om desinfeksjon av vann, akvakultur)
- Lov 19. jun. 2009 nr. 97 om dyrevelferd (dyrevelferdsloven)

